

WTO-systemet handlar ikkje om frihandel, men om innføring av nye proteksjonistiske tiltak tilpassa økonomiane i nord.

Frihandel i WTO?



Torbjørn Tufte
KRONIKK

Liberalisering, frihandel og fattigdomsreduksjon er i dag omgrep som går hand i hand. Utsegna «marknadsliberalisering reduserer fattigdom» vert framstilt som ei sanning. Verdas handelsorganisasjon (WTO) definerer innhaldet og reglane for kva som er liberalisering og sørgjer for at alle sluttar opp.

WTO koplar sitt marknadsliberale prosjekt direkte opp til fattigdomsreduksjon i verda. Sannskapsgehalten i at frihandel og fattigdomsreduksjon er på agendaen i WTO-systemet er i knappaste laget. Derimot talar mykje for at ei marknadsliberalisering på vilkåra til Nord er i emning.

Sentrale aktørar søkjer å framstille marknadsliberaliseringsprosjektet innanfor WTO som om det er ei utvikling mot frihandel og rettferdig handel. Problemet er berre at tankerekke deira er tuffa på illusjonar. Sjølv Adam Smith var sympatisk innstilt til å nytte proteksjonistiske tiltak for å verne om nasjonale interesser i nokre tilfeller.

I «The Wealth of Nations» (1776) skildrar Smith mellom anna Navigasjonsakta slik «..., perhaps, the wisest of all the commercial regulations of England». Dette synet deler tydelegvis det politiske leiarskapet i nord, for i WTO satsar dei nett på å bygge opp handelsreguleringar som gagnar egne interesser, medan dei samstundes avviklar handelsreguleringar som er mindre funksjonelle for deira ekspansjon. Når landa i nord argumenterer for at WTO sikrar landa i sør utvikling, skjular dei i realiteten kva forhandlingane i WTO handlar om, og forvaltar utelukkande sine egne interesser.

For i WTO er marknadsliberaliseringa i stor grad retta mot gjensidig opning av heimemarknadar ved hjelp av reduserte tollsatsar og opning av tenestesektoren (GATS-General Agreement on Trade in Services). Samstundes er eit avtalesystem for å sikre interessene til Nord og dei transnasjonale føretak oppretta.

TRIPS, avtale om eigedomsrett over intellektuelle opphavsrettar og patentvern, er eit døme, opninga av te-



RETTFERDIG: WTO er ikkje nødvendigvis noko feilslegen idé, men at organisasjonen per i dag skaper ei meir rettferdig fordeling mellom Nord og Sør, er ikkje tilfellet, skriv kronikkforfattaren. Her protesterer aktivistar under WTO-forhandlingane i Hong Kong i desember i år. FOTO: REUTERS

«Argumentet om at Sør treng marknadstilgang til Nord for å få Økonomisk vekst er ei sanning med modifikasjonar»

nestesektoren eit anna. Andre avgrensingar landa i nord søkjer å trumfe gjennom, er politiske krav kring helse, miljø og arbeidsrettar. På ministarkonferansen i Cancun braut forhandlingane saman då Nord søkte å få innført dei såkalla «Singapore-issues» (investeringar, konkurransepolitikk, offentlige innkjøp og handelsprosedyrar). Desse sakene er problematiske fordi dei er oppfatta som ei tilrettelegging av konkurranseforhold og handel på verdsmarknaden som samsvarar med interessene til Nord.

TRIPS, GATS og «Singapore-issues» er døme der WTO vert nytta til å sikre juridisk kontroll over produksjon, framstilling, omsetjing og utvikling av produkt gjennom forpliktande avtaler. Nord til eignar seg både rett til vern og kontroll over produksjon og produkt, samt tilgang til marknadane i sør på like vilkår i konkurransen med mindre utvikla land og føretak. Nord vernar om egne kon-

kurransseframtrinn, samstundes som sør taper retten til å drive fri handelspolitikk. Landa i sør er avskorne frå deltaking i teknologioverføring og til å verne sine heimemarknadar. Det gjer at dei sakkar akterut i si økonomiske og teknologiske integrering. Eit komparativt føretrinn Sør har på tenestesektoren er rimeleg arbeidskraft, men fri flyt av arbeidstakarar er typisk nok haldt utanfor GATS.

Argumentet om at Sør treng marknadstilgang til Nord for å få Økonomisk vekst er ei sanning med modifikasjonar. Marknadstilgang skadar ikkje, men WTO handlar ikkje om å gi Sør tilgang til marknadane til Nord. Det gjennomgåande tema er derimot at marknadane vert opna gjensidig, men under nye reguleringar som I' ti, IPS og GATS.

Mykje talar for at det er Nord som tener mest på ei slik utvikling. Sør har trong for vern av egne heimemarknadar, tenestesektoren og sitt biologiske artsmang-

fald om dei skal få utvikling.

Truleg har Sør større trong for å få rimeleg tilgang til kunnskap og teknologi frå Nord, enn dei har for å få betre tilgang til å selje soyabønner. Om WTO handlar om å drive fram vekst og utvikling i Sør, vil utviklingsland vere betre tent med å kunne verne sektorar, samstundes som dei får råderetten over biologiske innsatsfaktorar og tilgang på teknologioverføring frå Nord. Om Sør i tillegg vert tilkjent ein-sidig marknadstilgang til Nord, kan det vere ein utviklingsbonus. Men WTO handlar ikkje om å sikre Sør utvikling, og heller ikkje om frihandel.

WTO sikrar ei nedbygging av tollbarrierar, men det er likegyldig om tollsatsar er 2 prosent eller 200 prosent så lenge dei sikrar at den som nyttar tollanlegg oppnår det vernet ein søkjer. Og etterkvart som eit system med alternative verkemiddel for tollvern vert ferdigstilt, vil ikkje Nord ha stor trong om å nytte toll meir.

WTO-systemet handlar per i dag i stor grad om innføring av nye proteksjonistiske tiltak tilpassa økonomiane i nord, medan tiltak som ikkje lenger er særskilt funksjonelle for desse økonomiane, vert bygd ned. Nord søkjer marknadstilgang for tenester, kontroll over teknologien, intellektuelle opphavsrettar og bioteknologi. Gradvis tollreduksjon på industrivarer og jordbruksvarer er betalinga til Sør for global marknadssinnpass og juridisk eigedomsrett over kunnskap, teknologiske produkt og produksjonsmåtar.

Det manglar ein grunnleggende debatt om kva retning ein ynskjer WTO skal ta. WTO er ikkje nødvendigvis noko feilslegen idé, men at organisasjonen per i dag skaper ei meir rettferdig fordeling mellom Nord og Sør, er ikkje tilfellet.

Avtaleverket i WTO er eit regime som i stor grad legg rammene til rette for internasjonal handel utifrå interessene til transnasjonale selskap og høgt utvikla økonomiar. Tiltak og reguleringar som kan gi generell utvikling og fattigdomsreduksjon er ikkje prioritert. Difor bør heller ikkje WTO framstillast som pådrivar i arbeidet med å skape utvikling og mindre fattigdom. Marknadsliberaliseringa i WTO-regi skjer i det store og heile utifrå premissane og utviklingsnivået til Nord, der eit sentralt verkemiddel er innføring av alternative proteksjonistiske tiltak til tollvern.

Torbjørn Tufte,
statsvitar, Landbrukets
Utredningskontor
tt@landsam.com



Et godt råd

Det har blitt nytt år, og mens bilaget til denne spalte i sitt nyttårsnummer intervjuet omtrent halvparten av abonnentene sine om hva de tror om venstresidas framtid, intervjuet **Bladet** kulekjører Kari **Traa**.



Smarting

På hele forsida gir hun **Bladet**s lesere følgende råd med på veien:

«Du kommer langt med en sexy stil».

Vi skal ikke dømme an-

ikke det rådet **mistenkelig** om forretningsstrategien som har kjørt **Bladet**s **opplagstall i grofta** de siste ti årene?

Aha!

Det er ingen ringere enn Pol Pot som står bak **Øystein Djupedal**s anslag mot privatskolene.

Dette resonnement blir framført med stor styrke fra signaturen Kay i Nettavisens debattforum, i et oppgjør med **Djupedal og kommunistgjengen hans: - Dette er god gammel kommunist- og Pol Pot tankegang. «Drep» de som Ønsker og kan, fjern alle avvik fra det perfekte og statskontrollerte og sørg for å stigmatisere nok i en retning (heng ut de private) til at det egentlige problemet (offentlig skole) blir utydelig.**

En betimelig oppsummering.

Det gamle Europa

Vårt nasjonale telegrambyrå rapporterer om dokumenter som ble offentliggjort fra britiske krigsarkiver i går: Av dem går det fram at britenes tidligere statsminister **Winston Churchill** var beredt til å **arrestere** den franske generalen og motstandslederen **Charles de Gaulle** hvis han forsøkte å forlate Storbritannia i 1943.

Ifølge rapporten var Churchill heller skeptisk til franskmannen, og beskriver ham som en mann med **«grenseløse ambisjoner».**

I motsetning til Churchill, som vel må regnes som en **beskjeden** kar.